

Snike på bussen

Då dei kjem ut frå Pizzaen, bles det endå meir. Blad frå trea kvervlar rundt i lufta. Og det som var vanleg regn litt tidlegare, er no blitt til pøsregn. Etter nokre minutt stoppar June, snur seg mot dei andre og seier:

– *Nei, dette orkar eg ikkje.*

Vi må ta bussen.

– *Det går ikkje. Eg har ikkje med busskort,* seier Kim fortvila.

June seier at det er ikkje noko å bry seg om. Han får snika på bussen, det går sikkert bra.

Kim vil ikkje snika, for det er ulovleg, og han likar ikkje å gjera noko som er ulovleg. Og når Kim ikkje vil, så vil ikkje Tommy og May heller. Men då blir June verkeleg heilt sjef. Ho trampar den eine



foten irritert i bakken og seier med sint stemme:
– *Kutt ut! No kjem de med ein gong!*

Og så skjer det igjen, det som alltid skjer når June kommanderer og blir heilt sjef: Dei andre greier ikkje å protestera.

Akkurat då kjem bussen, og June spring for å nå han. Tommy og May ser på Kim, for dei vil jo ikkje la han bli igjen aleine. Men så spring dei òg. I siste liten kjem Kim. Alle hoppar inn bakdøra på bussen og finn seg sitteplassar. Kim er livredd. Han håpar at ingen spør om busskort.

Men sjåføren er visst i dårleg humør. Han har hatt med nokre kranglete og frekke skuleelevar litt tidlegare på kvelden, og er lei av uskikkeleg ungdom. No snur han seg mot dei og ropar:
– *Hei der bak! Har de betalt?*

Å NEI! KATASTROFE! Kim kjenner at hjartet bankar veldig. Han blir heilt sveitt i hendene, endå han eigenleg er iskald. Kva skal han gjera? No kjem vel politiet og hentar han. Kan hende han må i fengsel.

Tommy og May og June har funne fram busskorta sine og gått fram til sjåføren. Berre Kim sit igjen. Han er heilt stiv av skrekk. Dette var det aller verste som kunne skje.

